

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA - C20, FE - 144	16/2830

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
67/2017	Utval for levekår	PS	12.09.2017

## Rullering av Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014-2019 på deltema parkeringsplassar, rasteplassar og utsiktspunkt

### Vedlegg:

Utsiktspunkt, rasteplassar og parkeringsplassar - høyringsutkast

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Rulleringa har bakgrunn i interpellasjonssak frå Sølvi Knudsen, gruppeleiar SP, i kommunestyret den 15.6.2016, KS-64/2016, om *Rasteplassar og parkeringsplassar ved mykje brukte turområde*. I saka vart det gjort følgjande vedtak: *Utval for levekår arbeider vidare med å identifisere aktuelle stader for at desse ev. kan inkludrast på eit seinare tidspunkt når ein rullerer gjeldande planar (plan for idrettsanlegg og friluftsliv, arealdelen av kommuneplanen, o.a. planar). Det må(...)takast høgde for dette i økonomiplanarbeidet.*

Saka vart følgd opp i møte i Utval for levekår den 6.12.2016, ULK-85/2016, med vedtak om å rullere temaplanen for idrett, folkehelse og friluftsliv med omsyn til rasteplassar, parkeringsplassar og utsiktspunkt ved mykje brukte turområde, med et eige temamøte vinteren 2017. Møtet vart gjennomført som heildagssynfaring den 23.2.17, og oppsummert i drøfting i møte den 21.3.2017, ULK-27/2017.

I møte den 29.3.2017 gjorde Formannskapet vedtak i sak FS-39/2017, *Oppstart av rullering av kommuneplan, arealdel på deltema*, om å synleggjere og prioritere *Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser* som deltema nr. 6. Planprogram for rulleringa av arealdel vart lagt fram for Formannskapet 30.8.2017, FS-89/2017.

#### Vurdering

Høyringsutkast av deltemaet tek opp i seg arbeidet og innspela som er komme frå Utval for levekår hittil i saka, samt kjend kunnskap om tilhøva for parkering i område med høg friluftsbuk. Arbeidet som vert presentert her søkjer å vere konkret og kortfatta, men likevel å leggje til rette for ei målretta satsing. Ein søkjer ikkje å avklare problemstillingane ved dei einskilde områda, til dømes i høve til grunneigarinteresser og arealstatus, men å gi overordna føringar, arbeidsmetodar, innsatsområde og grove prioriteringar. Arbeidet må samstillast med rulleringa på deltema i arealdelen av kommuneplanen.

#### Folkehelse

Arbeidet vil betre forholda for å ta seg fram til friluftsområde i kommunen, og vil ha ein positiv innverknad på folkehelsa.

#### **Miljø**

Arbeidet vil auke biltrafikken sidan ein vil utvide parkeringskapasiteten ved ulike friluftsområde.

#### **Økonomi**

Gjennomføring av dei ulike tiltaka vil krevje kommunale investeringar og/eller tilskot, samt personellressursar.

#### **Konklusjon**

Høyringsutkast til rullering av *Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019*, på deltema parkeringsplassar, rasteplassar og utsiktspunkt ligg føre. Utkastet bør leggjast ut til offentleg ettersyn ved første høve, med frist på 3 veker frå det tidspunkt det vert lagt ut.

#### **Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår godkjenner høyringsutkast til rullering av *Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019*, på deltema parkeringsplassar, rasteplassar og utsiktspunkt. Høyringsutkastet vert lagt ut med 3 vekers frist, ved første høve.

#### **Utval for levekår - 67/2017**

#### **ULK - behandling:**

#### **ULK - vedtak:**

Utval for levekår godkjenner høyringsutkast til rullering av *Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019*, på deltema parkeringsplassar, rasteplassar og utsiktspunkt. Høyringsutkastet vert lagt ut med 3 vekers frist, ved første høve.